



Lindås kommune  
Radøy kommune  
Masfjorden kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/774 - 15/6340

Saksbehandlar:  
Frode Hervik  
frode.hervik@austrheim.kommune.no

Dato:  
24.09.2015

## Søknad om tilskot til båtrute Øygarden - Nordhordland

Kommunane Øygarden, Fedje og Austrheim har søkt Hordaland fylkeskommune om tilskot til å forlengje båtruta Hellesøy – Hernar til Fedje i sommarsesongen. Dette vil knytte saman Sotra/Øygraden med Nordhordland og opne opp for eit spennande øyhoppingskonsept, som vil stimulere til produktutvikling i reiselivsnæringa. Ei slik forlenging vil passe svært godt saman med omlegginga av destinasjonsselskapsstrukturen, og ei ny satsing på å løfte frem «Bergenskysten». Samstundes bør eit øyhoppingskonsept knyttast til sykkelturnisme.

Båtruta vil gi ringverknader ikkje berre for Fedje og Øygarden, men også for kringliggande kommunar. Austrheim er allereie med, men det vil vere svært positivt og kanskje også ein utløysande faktor for tiltaket dersom også Lindås, Radøy og Masfjorden kommunar vil gå inn med tilskot til ruta. Drift av båtruta vil vere avhengig av eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune som i så fall vil dekkje mellom halvparten og ein tredjedel av kostnadane. Resten må dekkjast i eit kommunalt spleiselag.

### Meir om tiltaket

Reint praktisk er det svært enkelt å få til ei forlenging av båtruta Hellesøy - Hernar til Fedje. Gulen skyssbåtsservice som driv ruta i dag er svært interessert i å få dette til, mellom anna fordi dei med eksisterande ruter har mykje dødtid.

Føremonane med eit båtsamband mellom Øygarden og Nordhordland er mange:

- \* Knyt saman Vest-regionen og Nordhordland.
- \* Opnar for spennande rundturar.
- \* Øyhopping kombinert med sykkelturnisme.
- \* Moglegheit for øyhopping vidare til Solund.
- \* Sykkel vidare til Masfjorden, Lindås og Radøy.

I første omgang søker me om eit 3-årig prøveprosjekt med forlenging av båtruta i 10 veker i sommarsesongen (2 avgangar t/r i veka).

Frå reiselivsbransjen sin ståstad har det lenge vore eit ynskje om å koble regionar langs kysten betre saman. Hellesøy – Hernar – Fedje har vore ein slik tanke, heilt sidan buss og fergeprosjektet «Øygarden på langs» blei til som eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland Fylkeskommune, Kystmuseet og Kysteventyret. Dette prosjektet var vellukka. Allereie dagen etter at brosjyrene blei distribuert i Bergen, satt det turister på den vesle ferga på veg ut til Hernar. Desse turistane skulle vere fire dagar på Vestlandet. Dei ville sjå fjordane, kysten og havet, samt byen. Alt dette lot seg gjennomføre fordi dei fann produkt som var tilrettelagte.

Det er starta eit utviklingsprosjekt leia av Bergen Reiselivslag kalla "Bergen Coast". Hovedføremålet med dette skal være å løfte fram kystområdet mellom Sognefjorden og Bømlafjorden både produkt- og markedsmessig. Samstundes som bedriftene og stedene langs denne kysten kan utnytte merkevara Bergen, får Bergen også eit nytt fantastisk "produkt" som kan styrke deira merkevare. I denne sammenhengen er ei båtrute frå Øygarden til Fedje ein strategisk nøkkel, fordi den bind saman dei ulike delene av kysten med ny kommunikasjon. Interesse for sykling og sykkelturisme er aukande, og det vil difor vere formålstenleg å knytte dette til et øyhoppingskonsept. Samstundes passar det fint inn som eit ledd i å utnytte ringverknadane for turisme knytt til Sykkel VM 2017.

### Prosjekt mål

Mål med båtruta er følgjande:

- Fleire turistar til Sotra/Øygarden og Nordhordland, og auka verdiskaping i reiselivsnæringa.

Delmål:

- Produktutvikling knytt til opplevings- og aktivitetsbasert turisme.
- Etablering av fleire og varierte overnattingstilbod og spisestader.
- Styrke eksisterande kultur- og naturbaserte attraksjoner, og utvikle nye spesielt knytt til kystkultur.
- Betre tilrettelegging for sykkelturisme med fleire merka ruter.

### Effektar

Effektane med båtruta vil truleg verte følgjande:

- \* Fleire turistar
- \* Auka verdiskaping i reiselivsnæringa, samt handels- og servicenæringar.
- \* Produktutvikling knytt til opplevings- og aktivitetsbasert turisme.
- \* Styrke eksisterande og utvikle nye kultur- og naturbaserte attraksjoner.
- \* Betre tilrettelegging for sykkelturisme.

### Økonomi

Det vil koste om lag 300.000 årleg å drifte båtruta i sommarsesongen. Dersom Hordaland fylkeskommune tek ein tredjedel av kostnadane, vert det 200.000 til fordeling. I opplegget ligg det inne at vestregionen tek halvparten og Nordhordland andre halvparten. Det betyr at det årleg vil vere behov for 100.000 frå Nordhordland. I så fall er det framlegg om at Fedje og Austrheim tek 27.500 kvar årleg i tre år. Vidare er det ynskje om at kommunane Lindås, Radøy og Masfjorden vil

bidra med 15.000 kvar. Søknaden til Hordaland fylkeskommune er treårig, og eit forsøk med båtrutedrift bør verke i meir enn eitt år, fordi det tek litt tid å opparbeide seg ein posisjon i marknaden. Det vert difor bedd om at ein tek høgde for at dette er eit treårig løp.

### Søknad

Med dette søker Fedje og Austrheim kommunar om medfinansiering til drift av båtrute Øygarden – Fedje på 15.000 frå våre nabokommunar Lindås, Radøy og Masfjorden i 2016, med intensjon om tilsvarande i 2017 og 2018. Dette føreset at Hordaland fylkeskommune går inn og tek minst ein tredjedel av kostnadane.

Med helsing



Jan Olav Osen  
rådmann



Frode Hervik  
prosjektleder utvikling

**Mottakere:**

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 5914  
20

ISDALSTØ

Radøy kommune

Radøyvegen 1690 5936

MANGER

Masfjorden kommune